# Notat

Dato: 26.09.2018
Arkivsak: 2018/14438-1
Saksbehandlar: torrutl

| | |
|---|---|
| **Til:** | Sekretariatet for kontrollutvalet v/ Hogne Haktorson |
| **Frå:** | Fylkesrådmannen |

## Rettstvistar i Hordaland fylkeskommune per 15. september 2018

Fylkesrådmannen skal leggje fram halvårlege statusrapportar om rettstvistar for kontrollutvalet. I det følgjande vert det gjort greie for status per 15. september 2018:

### Eigedom

| | Partar | Domstol | Sak | Tvistegjenstand | Status |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | KHR Arkitekter – Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune | Gulating lagmannsrett | Tvist om forståing av rettsforlik i Gulating lagmannsrett frå mai 2017 | Spørsmål om ein tidlegere sum på ca. kr 1,3 mill. var inkludert i rettsforliket eller om KHR har krav på betaling av tilleggssum | Hovudforhandling i Gulating lagmannsrett i løpet av 2019 |
| 2 | Bergen kommune – Hordaland fylkeskommune | Bergen tingrett | Bergen kommune har reist søksmål med krav om vederlagsfri tilbakeføring av heimel til fleire fylkeskommunale eigedommar basert på den såkalla "Anger-avtalen" | Gjeld fleire eigedommar som vert hevda å ikkje lenger vere nytta til sitt opphavlege formål. Erstatningskravet utgjer ca. 39 mill. kr + morarenter frå 2015 | Saka har vore stansa og forsøkt løyst gjennom tingingar. Løysing ikkje nådd. Saka er sett i gang igjen. Hovudforhandling er fastsett til 26. november 2018. Det er avsett 8 dagar til saka. |
| 3 **NY** | Geirmund Nes - Hordaland | Gulating lagmannsrett | Geirmund Nes har kravd skjønn for å | Krav om kr 300 000 i erstatning. | Gulating lagmannsrett har |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | fylkeskommune (SVV) | | få fastsett erstatning for påstått inngrep på hans eigedom. | | avsagt kjennelse i Hordaland fylkeskommunes favør: Skjønn ble nekta fremma. Geirmund Nes har anka til Høgsterett. |

### Samferdsel

| | Partar | Domstol | Sak | Tvistegjenstand | Status |
|---|---|---|---|---|---|
| 4 | Terje Rokne – Hordaland fylkeskommune (SVV) | Bergen tingrett | Spørsmål om betaling av vederlag og dels erstatning etter avtale om grunnavståing i samband med vegutbetring Fv 310 Bordalen i Voss kommune | Krav førebels oppgitt til ca. kr 160.000 + krav om utbetring av påståtte skader | Hovudforhandling 20. og 21. august 2018. Dom førebels ikkje avsagt. |
| 5 | Norled AS – Hordaland fylkeskommune | Oslo tingrett | Tvist om vederlaget i opsjonsår ved tre ulike "ferjepakker" der HFK har rett til å forlenge kontraktane "på same vilkår" | Avtaler inngått av Vegdirektoratet på tidlegare riksvegsamband som er overteke av HFK. Differansen mellom partane si forståing av kontrakten utgjer ca kr 70 mill. | Forhandlingsmøte var i januar. Hovudforhandling fastsett til 27. og 28. september 2018 |

### Bybanen utbygging

| | Partar | Domstol | Sak | Tvistegjenstand | Status |
|---|---|---|---|---|---|
| 6 | Skanska Norge AS – Hordaland fylkeskommune (BU) | Valdgift | Tvist om sluttoppgjer etter byggetrinn 3. Gjeld kontrakt C 34 (vognhall). Hevda meirkostnadar på grunn av mangelfulle og forsinka teikningsleveransar frå byggherre | Entreprenør fremja krav om tilleggsvederlag på DKK 3.923.677 eks mva + renter. Omrekna til NOK og tillagt morarenter utgjer kravet ca 5,6 mill. kr pr 1.10.2017 | Hovud-forhandling (5 dagar) er fastsett til ultimo mai 2018. Saka forlikt i april ved utbetaling av 1,5 MNOK |
| 7 | Skanska Norge AS – Hordaland fylkeskommune (BU) | Valdgift | Tvist om sluttoppgjer etter byggetrinn 3. Gjeld kontrakt C 31 | Entreprenør fremja krav om tilleggsvederlag på | Hovud-forhandling (5 veker) er fastsett til nov/des |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | (verkstad og adm. bygg). Hevda meirkostnadar på grunn av mangelfulle og forsinka teiknings-leveransar og andre høve som byggherre er ansvarleg for. | ca NOK 130 mill. | 2018 |
| 8 **NY** | Roy Mindor – Hordaland fylkeskommune (SVV) | Bergen tingrett | Krav om erstatning for auka byggekostnader oppstått pga forseinking forårsaka av regionvegkontorets saksbehandling knytt til søknad om godkjenning av avkøyrsle | Saksøker har fremma erstatningskrav på ca kr 598.000,- | Hovudforhandling fastsett til 1. oktober 2018. Saka har vore forsøkt løyst i minnelegheit |

**HR**

| | Partar | Domstol/ instans | Sak | Tviste-gjenstand | Status |
|---|---|---|---|---|---|
| 9 | Anneli Kaland – Hordaland fylkeskommune | Gulating lagmannsrett | Påstått ulovleg mellombels tilsetting og ulovleg/ugyldig oppseiing. Arbeidstakar på arbeids-marknadstiltak fikk ikkje forlenga mellombels tilsettinga ved utløp av perioden 31. mai 2017. | Krav om erstatning for økonomisk tap og oppreisning. | Fylkeskommunen vart frikjend og tilkjend saksomkostningar for tingretten. Kaland har anka til Gulating lagmannsrett. Ankesaken er fastsett til 14. og 15. januar 2019. |
| **-** | Svein Harkestad – Hordaland fylkeskommune **(AVSLUTTA)** | Høgsteretts ankeutval | Krav om oppreising/ erstatning grunna påståtte brot på arbeidsmiljølovens regler om varsling, gjengjelding mv. | HFK vart frifunne i tingretten og tilkjent fulle omkostningar. Harkestads anke vart nekta fremja av Gulating lagmannsrett. | Harkestads anke til Høgsterett vart forkasta ved ankeutvalets ordskurd av 28. november 2017. |
| **-** | Svein Harkestad – Hordaland fylkeskommune m.fl. **(AVSLUTTA)** | Høgsteretts ankeutval | Påstand om dokument-falsk mv. i samband med rettsforlik i avskjedssak 23. januar 2015. Saksøkjar | Krav om erstatning, oppreisning og straff for dei involverte. | Saka vart avvist frå domstolane; endeleg stadfesta ved Høgsteretts avgjerd av 16. februar 2018. |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | hevdar han har fått eit kompetansetillegg han ikkje hadde krav på. | | |
| 10 | Svein Harkestad – Hordaland fylkeskommune<br><br>**(AVSLUTTA)** | Høgsteretts ankeutval | Klage over tvangsfullbyrding av pengekrav | Krav om at namsmannen sin avgjerd vert oppheva | Klagen ikkje teken til følge ved ordskurd den 27. februar 2018 og Gulating lagmannsretts ordskurd av 2. juli 2018. Er anka vidare til Høgsterett. HFK sendte tilsvar 5. september 2018. Harkestads anke til Høgsterett vart forkasta ved ankeutvalets vedtak av 13. september 2018 |
| 11 | N Zi John Kouakou Kouassi – Hordaland fylkeskommune | Bergen tingrett | Saka gjeld påstand om ulovleg avskjed. Kouassi krev ikkje å tre inn att i stillinga, men har fremma krav om oppreising avgrensa til NOK 115 000 og erstatning for økonomisk tap, berekna av Kouassi til ca. NOK 200 000 | Krav om erstatning for økonomisk tap og oppreisning. | Hovudforhandling er fastsett til november 2018. |
| 12<br>**NY** | Cho Noe Noe Robin – Bergen kommune / Hordaland fylkeskommune | Bergen tingrett | Robin har saksøkt Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune med påstand om at oppseiing av lærlingkontrakt er ugyldig. | Krav om erstatning for økonomisk tap og oppreisning. | Fylkeskommunen innga tilsvar 23. august 2018. Det har ikke vært holdt planmøte og saken er ikke berammet. |
| 13<br>**NY** | Svein Harkestad – Hordaland fylkeskommune og Thommessen | Bergen tingrett | Harkestad har saksøkt HFK og Thommessen med påstand om angivelige brudd på pasientjournal- og helseregisterloven mv. | Krav om tilbakelevering av journalar, straff og erstatning mm. | Frist for tilsvar er 1. oktober 2018. |
| 14<br>**NY** | Svein Harkestad – Hordaland fylkeskommune | Bergen tingrett | Harkestad har saksøkt HFK med påstand om at rettsforliket han inngikk er ugyldig | Krav om oppheving av rettsforlik | Tilsvar ble inngitt 20. april 2018, med prinsipal påstand om avvisning |

**Tannhelse**

| | Partar | Domstol | Sak | Tvistegjenstand | Status |
|---|---|---|---|---|---|
| **15** | Sivakanesam Thilliampalam – Hordaland fylkeskommune **(AVSLUTTA)** | Bergen tingrett | Søksmål om gyldighet av oppseiing av C-tannlegeavtale og stilling som tannlege i HFK | Krav om vidare stilling, subsidiært erstatning og kostnader estimert til om lag NOK 1 mill. kr | Saken løyst 14. september 2018 |